



Fadderansvarleg og fadderstyre ved campus Haugesund

Ønsker du å gi dei nye studentane hausten 2018 den BESTE starten på studietida, utfordre deg sjølv og vera med å skapa engasjement i studentmiljøet?

Fadderansvarleg:

Som fadderansvarleg har du ansvar for gjennomføringa av fadderveke i eit tett samarbeid med fadderstyret, studentorganisasjonane, høgskulen, lokalbefolkninga, og ikkje minst fadrane.

Fadderansvarleg har det overordna ansvaret for rekruttering av nye fadrar, samkøyring av fadderprogrammet og produksjon av informasjonsheftet frå studentorganisasjonane, som skal sendast ut til dei som får tilbod om studieplass i juli. Vedkommande er også kontaktperson for fadderveka og fadderstyret, og deltek i koordineringsmøta for studiestart.

Stillinga som fadderansvarleg er eit engasjement lønna på timebasis i lønstrinn 19-26 etter ansiennitet. Høgskulen gjev løn for inntil 50 timer sjølv om aktiviteten skulle gå utover desse rammene.

Fadderstyret:

Fadderstyret består av 4 studentar i tillegg til fadderansvarleg. Som medlem av fadderstyret er du med på planlegging og gjennomføring av fadderveke. Dette inneberer alt frå planlegging av og ansvar for dag- og kveldsaktivitetar, i tillegg til sjølve rekrutteringa av alle fadrane før sommaren.

Fadderstyret får ein motivasjonspott på deling på kr. 10.000,- frå høgskulen.

Søknad sendes til lars.smith@hvl.no

Søknadsfrist for alle stillingane er **23.februar 2017**

Meir informasjon om stillingane får du ved å kontakte Lars Smith på e-post : lars.smith@hvl.no eller på telefon 40402265

